

**Mo sokneråd,  
5729 Modalen  
Telef. 56 59 99 61**

FORNYINGS-, ADMINISTRASJONS-  
OG KIRKEDEPARTEMENTET

15 SEPT 2010

SAKSNR: 20100 1734-113

Til Fornyings-administrasjons- og kirkedepartementet,  
Kirkeavdelingen, Postboks 8004, Dep  
0030 Oslo

**Framlegg om endringar i gravferdslova og kyrkjelova. Høyring.**

**Saka er handsama på møte i Mo sokneråd, den 02.09.10 F.sak 13/2010.  
Uttale frå Mo sokneråd:**

***Ang. gravferdslova:***

**1. Framlegg til endring i tittel på gravferdslova**

Ordet *gravlund* verkar framandt mange stader på landsbyda, då det ikkje er tradisjon for å bruka det.

Det vil vera betre å bruka ordet *gravplass* i staden for *gravlund*. Det er ei nemning som vil høva i heile landet, både i bygd og by.

**Til § 5: Vigsling m.m.**

Det bør framleis vera høve til kristen vigsling av ein gravplass, eller deler av denne der noko av gravplassen er tiltenkt andre religionar. Vigsling av gravplass er ein gamal tradisjon som har mykje å seia for folk si tenkning og oppleving knytta til gravplassen.

**Til §§ 10 og 12 Frister for gravferd og kremasjon.**

Ein ser ikkje at det er gode grunnar for å forlenga fristen for gravlegging til 14 dagar. Tilhøva ang. kjøling er ulike rundt om i landet, og sjølv om det er høve for fellestråda å forkorta fristen, er det best at lovverk og praksis er einsarta rundt om i landet, slik at ein veit kva ein har å forhalda seg til.

Gravlegging bør skje seinast 10 dagar etter dødsfallet.

***Ang. Kyrkjelova:***

**Til § 11: Soknemøtet sine oppgåver.**

Soknemøtet sine lovbestemte oppgåver bør ikkje nedjusterast. Kyrkjelyden bør av demokratiske grunnar få høve til å uttala seg i viktige saker, også om det som gjeld gravplassar.

§ 11 bør ikkje endrast.

Modalen kyrkjekontor den 09.09.10

*Sigrun Dale*  
Sigrun Dale

-kyrkjeverje-